



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1478 - 19/12676

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

05.06.2019

Godkjenning - endringsløyve - oppføring av tilbygg - gbnr 9/169

Hjertås

Administrativt vedtak.

Saknr: 129/2019

Tiltakshavar:

Laila Karin Walde

Ansvarleg søkjar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Søknadstype:

Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av tilbygg til bustad , jf. vedtak datert 18.06.18. Endringa gjeld storleik , form og areal på godkjent tilbygg. Tilbygget skal utformast kun i 1. etasje istedanfor godkjente to etasjar. Arealet på tilbygget minskast til 50 m², arealet for vindfang og vaskerom på hovudplan omfordelast. I tillegg søkjast det om innsetjing av takvindauge i eksisterande bad i 2.etasje.

Tiltaket krev ingen ansvarsrettar etter endringa.

Det vert elles vist til søknad mottatt 28.05.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.05.19 og frist for sakshandsaming er 12 veker, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 8.ledd.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen av 02.05.01 for Monsedalen/Mjukebakkane med plan id nr 125620010502 er definert som område for eksisterande bustader.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA.

Dispensasjon

Det er gitt dispensasjon frå TU% BRA i rammeløyve av 18.06.19.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarleg søkjar har opplyst nå at godkjent TU% på 35,72%, reduserast til 33,11%. Endra tiltak overskrider utnyttelsesgrad på 0,25 bestemt i reguleringsplanen § 2 men krev ikkje ny dispensasjon etter kommune si vurdering og praksis då TU% BRA reduserast med 2,61%.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3 då tiltaket ikkje får betydning for naboar.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 20.05.19.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 2,8 meter. Eigar av gnr. 9 bnr. 78 har i dokument datert 24.04.18 samtykka til at tiltaket kan plasserast 2,6 meter frå nabogrensa.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav b, jf. § 20-4 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 20.05.19 og mottatt 28.05.19, jf. pbl. § 29-4/SAK § 6-3.
2. Vilkår som er gitt i vedtak datert 18.06.18 administrativt vedtak DS 133/2018 saksnr. 18/1478 gjeld.
3. Tidlegare erklært ansvarsrettar for fagområde: Ansvarleg søkjar i TK1 og arkitektur, oppmålingsteknisk prosjektering i TK1- føretak Arkitekt Mette Kyed Thorsen går ut pga. endra karakter av tiltaket.
4. Avstand frå tiltaket til nabogrense med gbnr 9/78 skal vere 2,8 meter.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1478.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

A100 Situasjonsplan
A301 Plan 1. etg
A302 Plan 2. etg
A310 Snitt
A320 Fasader, nord og øst
A321 Fasader, vest og sør

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson
Laila Karin Walde
Roar Aursand

Kvalen 16 5955
Mongsedalen 22 5918
Mongsedalen 22 5918

LINDÅS
FREKHAUG
FREKHAUG